



Jorun Sætre  
Hellandsvegen 268  
5936 MANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/1255 - 16/12292

Saksbehandlar:  
Tone Margrethe Berland Furustøl  
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:  
04.05.2016

## Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 29/7 Hauge

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 11.04.2016.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Kommunen har ingen opplysningar om at omsøkte bygning er registrert som fritidsbustad. Tiltakshavar må gjøre rede for at bygningen er registrert som fritidsbustad, da våre arkiv viser at bygningen er registrert som naust. Det visast til vedlagte e-post frå Byggesaksvakta frå 18.03.2016, med henvisning til Møtebok frå 18.02.1987.
2. Viss tiltakshavar kan gjøre rede for at bustaden er ein fritidsbustad, så kan nye og oppdaterte teikningar som viser ny/gamal situasjon for både plan, snitt og fasade sendast inn. Teikning som viser eksisterande situasjon må også vise trapp på oppsida av huset. Søknaden kan då handsamast.
3. Viss tiltakshavar ikkje kan gjøre rede for at bygningen er fritidsbustad, så må det sendast inn søknad om bruksendring frå naust til fritidsbustad. Dette krev bruk av ansvarleg føretak. Søknad om bruksendring frå naust til fritidsbustad krev dispensasjon frå landbruk, natur og friluftsføremålet i kommuneplanen sin arealdel og frå byggeforbodet i 100 meters beltet langs sjø i plan- og bygningsloven § 1-8.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla **innan 25.05.2016**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

### Sakshandsamingsfrist



Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Fasadeendring i LNFR gbnr  
20160318144203

### **Mottakarar:**

Jorun Sætre

Hellandsvegen 268 5936

MANGER